

Kontaktinformasjon

Adresse

Barne- og familietenestene
Haugneset 20
6230 Sykkylven

Telefon

70 24 65 00

SKULEFRÅVÆRSTEAMET
SKULEFRÅVÆRSTEAMET



SYKKYLVEN

Skulefråværs- teamet

-Når skulefråværet uroar
OSS

Dei fleste barn og unge går på skulen frivillig og utan problem. Nokre elevar opplever så store kjenslemessige vanskar med å gå på skulen eller opphalde seg på skulen, at dei vegrar seg mot skulen. Eleven kan vere vekke heile dagen eller delar av skuledagen.

Det er viktig å merke seg at barn og unge som har skulefråvær ikkje unnlét å møte på skulen fordi dei ikkje vil, eller ikkje har foreldre som stiller opp. Som oftast er det ein kombinasjon av fleire årsaker som ligg bak skulefråværet. Skulefråvær kan oppstå gjennom heile skuleperioden, men kan bli meir tydeleg på ungdomsskulen der krava til elevane aukar.

Vanskar med å møte på skulen byrjar vanlegvis i det små, med fråvær i nokre timar, delar av dagen eller heile dagar. Dette kan utarte seg til eit mønster, som kan få store konsekvensar for eleven, både fagleg, sosialt og psykisk. Det er difor viktig med oppdaging og tiltak så tidleg som mogleg.



Kva er bekymringsfullt fråvær?

- Ugyldig fråvær frå ein skildtime (ikkje dokumentert)
- Kome for seint meir enn 2 gongar i løpet av ei veke
- Fråvær meir enn 3 ein skilddagar i løpet av ein måned
- Meir enn 15% fråvær i løpet av tre månader (sum av dokumentert og ikkje dokumentert fråvær)

Skulen si rolle

Sykkylven kommune har utarbeidd ein handlingsplan for bekymringsfullt skulefråvær, som skulen skal jobbe etter. Skulen registrerar og gir tilbakemelding til føresette ved bekymringsfullt fråvær. Ved slikt fråvær skal skulen drøfte tiltak med elev og føresette. Elev får tilbod om samtale med helsesøster. Dersom tiltak ikkje fører til betring skal skulen, anten ved rektor eller kontaktlærar, kontakte skulefråværsteamet i kommunen.



Skulefråværsteamet

Skulefråværsteamet er sett saman av faste representantar frå PPT, helsestasjon og barneverntenesta, i tillegg til ein representant frå skulen til eleven. Skulefråværsteamet skal kome inn når skulen har følgd fastlagte rutinar i kommunen sin handlingsplan. Skulefråværsteamet skal gi råd til skulen og føresette for å hjelpe eleven tilbake.

Skulen skal vere ein god stad for alle!